

MASTERPLAN

SENTRUMSNÆR TERRENGSYKLING I ÅL



UTARBEIDA I TIDSROMMET 2018-2019 FOR :



ÅL UTVIKLING



UTARBEIDA AV:



0.1 FORORD

Det er ei stor glede å endeleg kunne vise fram dette dokumentet. Terrengsykling i Ål er mange ulike historier, avhengig av kven du spør. Eit ynske om at terrengsykling kan vere ein positiv faktor i Ål, har vore mykje av kjernen i arbeidet til prosjektet Tråkk N Roll Ål. Ål-samfunnet står midt oppe i både utfordringar, nedgang, framgang og gode historier, no som tidlegare.

Sidan 2010 har terrengsykling hatt ein stor vekst i Noreg, sportsbransjen fortel om sal av terrengsyklar som overgår sal av alpinski, friluftskulturen er i endring og sykling er i medvind. Sykkelen er synleg blant bilistar og fotgjengarar på fortau og turstiar. Sykkel er tema blant journalistar og politikarar, lesarbrev og kommentarfelt. Å lære å sykle er ein milepål for dei aller fleste barn, ta ein titt på di nærmeste barneskule.

Terrengsykling er sykling utanfor asfaltert veg meiner mange. Dei som er einige i dette kan seie at terrengsykling har gått føre i Ål kommune sidan den første syklisten trilla gjennom Hallingdal omkring 1881.

I Ål syklar barn og vaksne til skule og jobb, på tur, trening og i kappestrid. Lokale

eldsjeler har arrangert treningar, turar, sykkelritt og festivalar i ei årrekke. Kor er me på veg som sykkelbygd? Korleis kan me bygge ein sterkare sykkelkultur i bygda? Dette er spørsmål i mitt eige hovud. Som lokal eldsjel og prosjektleiar for Ål utvikling i tre år har eg ikkje klare svar på dette, sjølv om eg meiner mykje. Heldigvis finst det naboar og fagfolk ein kan besøke og spørje.

Våre nabokommunar har alle valt å satse på terrengsykling for å utvikle sine lokalsamfunn. Me treng ikkje reise til Skottland, British Columbia eller Utah for å oppleve stor terrengsykling og sjå korleis terrengsykling endrar lokalsamfunn. Me kan reise til Hol, Gol, Nesbyen og Hemsedal, Trysil kan og nemnast. Fagfolk som kan terrengsykkelutvikling har besøkt Hallingdal kvart år sidan 2015 og fram til no i 2018. Eit regionalt, profesjonelt stibyggarlag med lokale Hallingdøler har lært faget stibygging og utvikla pioneerprosjekt i Hallingdal som har fått merksemrd over heile landet. Lokale entusiastar har delteke på stibygarkurs dei siste fire åra og lært eit nytt handtverk, bygd på gamle teknikkar med reiskap tidlegare generasjoner bygde landet med; hakke, spade og spett.

Norsk utmark er privateigd i all vesentlig grad. Dette skil Noreg frå andre leiande nasjonar innan stiutvikling og stiforvaltning. Mange private grunneigarar i Ål blir rørt av mogleheitene som blir skissert opp i dette dokumentet. Underveis har prosjektet arrangert møter og fått gode tilbakemeldingar frå mange grunneigarar. I eit vidare arbeid med realisering av mogleheter er grunneigarane den sentrale aktøren.

Rekke Stiutvikling har besøkt Ål fleire gonger sidan hausten 2017 for å sjå på kva slags mogleheter og avgrensingar som finst for dei sentrumsnære utmarksområda. Resultatet er det du ser her. Kristian Ertnes og Roald Eidsheim har blitt godt kjent med områda i planen, dei har møtt grunneigarar, syklistar, kommuneansatte og politikarar. Alle desse møta har bidrege til å gjere dette dokumentet så godt som råd. Ertnes og Eidsheim presenterer store mogleheter og krevjande strategiar i dette dokumentet. Veigen vidare inneber grunneigaravtalar, finansiering, utbygging og vedlikehald. Dette krev støtte frå grunneigarar, politikarar og næringsaktørar og ikkje minst eldsjeler som fortsett å brenne, syklistar som bur her, flytter

hit eller kjem på besök.

"I enden av regnbogen skal det finnast gull" heiter det i songen. Mange av mogleheitene som blir vist fram her kan tolkast som luftslott av utanforståande, i allfall om ein ser på kostnadsnivået. Mogleheitene må brytast ned til puslespel-bitar meiner eg, og det er heldigvis noko Rekkje gjer i strategidelen av dokumentet. Ei utvikling vil halde fram, om så med musesteg om ikkje sjumilssteg. "Det viktigast er ikkje å vinne, men å delta", heiter det i idretten. Dagens terrengsyklistar vil ikkje vinne og skal ingen veg. Stien, aktivitetene og opplevinga er målet. Slik kan ein også lese dette dokumentet. Målet er ikkje å komme i mål, men å knyte menneske i lag på tvers av natur og kultur.

Knut Myking,
prosjektleiar Ål utvikling 2016- 2018

Foto: Vegard Breie



INNHALDSLISTE

<u>DEL 1 - INNLEIING</u>	<u>6</u>	
1.1 Bakgrunn for planarbeid	6	
1.2 Mål	9	
1.3 Områdeavgrensing	10	
<u>DEL 2 - TERRENGSYKLING</u>	<u>12</u>	
2.1 Sykkelhistorie i Ål	12	
2.2 Utvikling og historie	18	
2.3 Kva er terrengsykling?	20	
2.4 Trendar	22	
2.5 Kvifor terrengsykling?	24	
2.5.1 Reiseliv	24	
2.5.2 Terrengsykling som samfunnsbyggar	28	
2.5.3 Folkehelse	28	
2.6 Berekraftig stiutvikling	30	
2.6.1 Natur	32	
2.6.2 Sosialt	34	
2.6.3 Økonomi	35	
2.7 Kategorisering av anlegg og tiltak	36	
2.7.1 Definisjonar	36	
2.7.2 Ansvar og tryggleik	39	
2.7.3 Kvalitet	39	
<u>DEL 3 KARTLEGGING OG ANALYSE</u>	<u>44</u>	
3.1 Metode	44	
Modell for brukergrupper	46	
3.2.1 Samfunn og økonomi	48	
3.2.2 Natur og eksisterande anlegg	52	
3.2.3 Konklusjon kartlegging og vurdering	54	
<u>DEL 4 KONSEPT- OG TILTAKSPLANAR</u>	<u>56</u>	
4.1 Retning	56	
4.2 Strategi	58	
4.3 Korleis realisere tiltak?	60	
4.4 Tiltaksplan	62	
4.4.1 Område: 1 - Ål Sentrum	64	
4.4.2 Område: 2 - Kvinda	80	
4.4.3 Område: 3 - Vestlia	80	
4.4.4 Område: 4 - Oppsjø, Rota, Jegermoen	84	
4.4.5 Område: 5 - Torpo	88	
4.4.6 Andre områder i Ål kommune:	94	
4.5 Prioriteringsliste	96	

DEL 1 - INNLEIING

1.1 BAKGRUNN FOR PLANARBEID

Terrengsykling i ulike former har lenge gått føre seg i kommunen (sjå kapittel 2.1 Sykkels historie i Ål). I 2015 vart det regionale prosjektet Tråkk N Roll skipa med forankring i dei ulike destinasjonsselskapene i kvar kommune i Hallingdal. Målsetjinga med prosjektet er å bruke terrengsykling som ein verdiskapar i regionen. Sommaren 2015 vart det Sveitsiske firmaet Allegra Tourismus engasjert for å gjere ei regional kartlegging av moglegheitene for utvikling av terrengsykling. Konklusjonen frå Allegra var at kvar kommune i Hallingdal bør ta utgangspunkt i sine respektive sentrumsområde. For Ål sin del vart det peika på områder kring Hallingdal Feriepark.

I 2016 oppretta Ål utvikling prosjektet Tråkk N Roll Ål for å skape utvikling av terrengsykling i Ål. Knut Myking frå Hillbilly MTB AS vart hyra inn som prosjektleiar. Våren 2016 vart Mark McLure hyra inn for å sjå nærmare på moglegheitene som Allegra Tourismus peika på. Dette resulterte i ein konseptplan for området kring badeplassen ved Vestsida i Ål, som òg viste moglegheit for utvikling av ein sykkelpark i Hallingdal Feriepark.

I 2017 vart Hallingdal Sykkelpark utvikla som ein del av Hallingdal Feriepark. Tråkk N Roll trail crew laga ein flott sykkelpark med ulike hoppliner i vanskegrad grøn, blå

og raud, samt ein pumptrack. Mark McLure var leiar for arbeidet. Utvikling av parken var eit samarbeid mellom Hallingdal Feriepark og Ål utvikling. Finansieringa av parken var mogleg med midlar frå Sparebank1 stiftinga, Sparebankstiftinga DNB, Ål kommune, og eit titals ulike bedrifter i Ål kommune. Hallingdal feriepark eig i dag parken og har ansvar for drift og vedlikehald.

I 2018 ynskte Tråkk N Roll Ål å kartlegge kva moglegheiter og begrensningar som finst knytt til Ål sentrum for utvikling av terrengsykling. Dette var i tråd med Allegra Tourismus sine anbefalingar frå 2015. Sidan 2014 har det blitt sykla meir sti på Torpo kring Bakketun. Av denne grunn vart Torpo med utgangspunkt i Bakketun også inkludert i planarbeidet. Hytteområdet Primhovda Sør og Ål skisenter valde å vere med i planarbeidet sidan desse områda grenser til sentrumsnær utmark, og ser verdien i planarbeidet til Ål utvikling. Rekkje Stiutvikling AS vart hyra for å lage plandokumentet som du les no. I løpet av sommar og haust 2018 vart det arrangert totalt fire grunneigarmøte i kommunen, for høvesvis private grunneigarar nær Ål sentrum og Torpo. Innspel frå frammøtte grunneigarar ligg til grunn for tiltaka som blir føreslått i dette dokumentet.



Foto: Tråkk N Roll/Paul A. Lockhart




Foto: Knut Myking



1.2 MÅL

Trakk 'n' Roll har som mål å skape vekst i Hallingdal gjennom berekraftig stiutvikling. I innleiinga av prosjektet har me i møter avdekk følgande mål for satsinga på Ål.

MÅL FOR TERRENGSYKKELSATSINGA I ÅL KOMMUNE

1. Auke attraktiviteten for å bu og flytte til Ål
2. Leggetilretteforeksisterandesykkelmiljø og aukerekrutteringa av terrengsyklistar
3. Auke attraktiviteten til Ål for tilreisande
4. Utvikle tilbod rundt sentrum for auka næringsinntekter
5. Auke attraktiviteten til hytteområda ved å skape aktivitet for sommarhalvåret. Auke talet besøksnetter. Stimulere tomtosal, hyttesal og utleigebedrifter
6. Auke arrangementsattraktiviteten. Legge til rette for lokale, regionale, nasjonale og internasjonale arrangement knytt til terrengsykling

MÅL FOR MASTERPLANEN

Gjennom prosessen med masterplanen skal det kartleggjast kva moglegheiter og begrensningar som finst for stiutvikling innanfor planområde. På bakgrunn av dette skal planen kome med tiltak som aukar mengda stisyklistar som brukar stiane kring Ål.

Behovet som skal dekkast ut frå målsettinga er å legge til rette for eksisterande brukarar, og bidra til auka rekruttering. Planane skal gjere stiane tilgjengelege frå Ål sentrum, Ål skisenter, Primhovda Hyttfelt og Bakketun på Torpo.

1.3 OMRÅDEAVGRENSING

Denne planen tar hovedsakleg føre seg sentrumsnære område for Ål og Torpo. Desse områda er delt opp i fire underområde for Ål sentrum og eitt for Torpo. I tillegg er området Primhovda og Ål skisenter med i område 1 då det grenser til dette området. Grunna storleiken til område 1 er det i underområder, A-D.

1. ÅL SENTRUM
2. KVINDA
3. VESTLIA
4. OPPSJØ
5. TORPO

JERNBUSTOLEN

Hæim

Gurigard

Leken

Vøtna

Leveld

Kuluset

Gvarteberg

Primhovda

Kvinnegardslie

Mykingstolen

Skurvehovda

Myking

Torsbu

Holu

Stokksøenvatnet

Kyrhovda

Hol

Solheim

Oyni

Reinton

Breie

Klyvset

Hallingsdalen

Strandafjorden

Hallingdal

Nyset

Rimeslåtta

Nos

Nyset

Hove

Sundre

Al

Skruvedals-

hovda

Trolltjern-

909

Smylimoen

Hagaheim-

stolen

Hagastolen

Bosset

Gamle

Nyset

Presttjørn

Hovdun

Jorset

høgde

Skrymten

Buglebjerk

Nedre

Belgevatnet

Elghogde

1066

1068

1070

1072

1074

1076

1078

1080

1082

1084

1086

1088

1090

1092

1094

1096

1098

1100

1102

1104

1106

1108

1110

1112

1114

1116

1118

1120

1122

1124

1126

1128

1130

1132

1134

1136

1138

1140

1142

1144

1146

1148

1150

1152

1154

1156

1158

1160

1162

1164

1166

1168

1170

1172

1174

1176

1178

1180

1182

1184

1186

1188

1190

1192

1194

1196

1198

1200

1202

1204

1206

1208

1210

1212

1214

1216

1218

1220

1222

1224

1226

1228

1230

1232

1234

1236

1238

1240

1242

1244

1246

1248

1250

1252

1254

1256

1258

1260

1262

1264

1266

1268

1270

1272

1274

1276

1278

1280

1282

1284

1286

1288

1290

1292

1294

1296

1298

1300

1302

1304

1306

1308

1310

1312

1314

1316

1318

1320

1322

1324

1326

1328

1330

1332

1334

1336

1338

1340

1342

1344

1346

1348

1350

1352

DEL 2 – TERRENGSYKLING

Når ein skal lage ein masterplan for utvikling av terrengsykling i ein kommune treng ein å definere kva terrengsykling er. Me tar eit kjapt blikk på historia, status, og kva me trur blir viktig framover.

2.1 SYKKELHISTORIE I ÅL

av Knut Myking

Historia om terrengsykling i Ål kan trekkast opp langs tre linjer. Desse tre linjene har ført fram til det sykkelmiljøet og dei ulike oppfatningane av sykling i Ål no.

Den første linja kan knytast til sykkelen som samfunnsbygger i tidsperioden fra Bergensbanen vart opna fram til biler vart frisleppt i 1960. Her finn me døme i Hallingdølen på sykkelen som del av eit allsidig idrettsliv og samfunnsliv. Sykkelen gjorde folk meir mobile enn før. Tidlegare var det føter eller hesteskyss som gjaldt sommartids. Med Bergensbanen kom sykkelen inn i bygdelivet ilag med mange andre fenomen. Sidan vegnettet var av ein enkel standard kan sykling på denne tida reknast som terrengsykling. Stiar og kjerrevegar vart utfordra anten syklande eller trillande på sykkelen av dei som hadde skaffa seg slik farkost. Sykkelen var nok også til god nytte i motstandsrorsla under krigsåra. I etterkrigstida vart sykkelen utløysande for arbeidsliv og samfunnsliv ved at folk vart mykje meir mobile. Fra 60-talet kom bilane for fullt og prisane på syklar sank. DBS fabrikken i Sandnes forsynte Noreg med millionar av syklar fram til nedlegginga i 2000. Fra 60-talet vart sykkelen også tilgjengelig for barn og unge som no kunne nytte sykkelen til leik og moro, skuletransport og andre formål. Trafikktryggleik vart eit betydeleg tema fra 60-talet og utover. Ei anna linje for terrengsykling i Ål kan knytast til idrettsmiljøet. Innbyggjarar med sans for fysisk fostring valde raskt sykkelen som reiskap, gjerne som eit barmarksubstitutt for å halde formen ved like til skisesongen starta. Langrenn, skiskyting, og skihopp var og er alle aktive miljø i bygda som nytta sykkelen til trening om sommaren. Samtidig kan ein tenke seg at sykkelen var betydeleg for utøving av jakt, fiske, fotturar og bærplukking fram til bilen vart allemannseie. Tradisjonen for terrengsykling som idrett kan knytast heilt tilbake til 30-talet då det vart arrangert syklingens dag i Ål. Terrengsykkelklubben Andebarkji TSK vart etablert i 1998 og kan plasserast i denne historielinja.

Syklingens dag i Ål.
Søndag var det syklingens dag over hele landet. I Ål deltok Ola S. Breie, Kr. Vareberg, Harald Torgard, Olaf M. Slættemoen, Os. R. Stave og Emb. Bara. Beste tid hadde Breie med 40,45. Alle 6 klarte fordringene til merket.
De to foregående år har 28 sykkel tatt merket. De som ikke hadde anledning til å møte, kan avlege prøve for sykkelmerket nu søndag.
Ål idrettslag.

Hallingdølen, 18.06.1937

Fjell idrettslag
skipa til sykling um touristmerket sundag 12. september. Det vart sykla frå Bergapiass i Leveld med vendemål ved Rande-brui i Vats. — Vegane her egnar seg framifrå til slik sykling, med di ein ikkje har dei «vaskebrett» som me mest alltid har etter hovudvegen.
Det var med 12 gutter og 3 gjentor — alle greidde merket.

1. Sigurd Berg	tid 37.22
2. Ola Ødelien	38.15
3. Gisle Gudmundson	38.45
4. Helge Svarteberg	39.94
5. Asle Haugen	40.13
6. Sevat Teigen	40.57
7. Edward Øygard	41.14
8. Ola Skarsgård	41.45
9. Embrik Thon	41.45
10. Melchior Bakken	41.51
11. Sevat Svarteberg	41.56
12. Ola T. Skarsgård	42.03


Gjentor:

1. Borghild Løken	tid 48.42
2. Guri Svarteberg	50.55
3. Aagot Svarteberg	51.33

Hallingdølen, 01.10.1937

Ei tredje historisk linje kan knytast til det alpine skimiljøet i bygda med referansar til folkedans, fjelltelemark, snøbrett og frikøyring på ski. Dette miljøet fekk auga opp for terrengsykling tidleg på 2000 talet, samtidig som utstyrssrevolusjonen eskalerte i sykkelbransjen. Også i dette miljøet vart sykkelen opphavelig sett på som eit substitutt for mangel på snø. Fokuset til dette miljøet var meistring og oppleveling, i skianlegg og utanfor allfarveg. I 2009 vart Ål Kranklag DA etablert av lokale eldsjeler som seinare vart Hillbilly MTB AS. Dette føretaket har arrangert festivalen Hillbilly Huckfest sidan 2009. Miljøet kring denne festivalen kan plasserast inn i denne siste linja som utfyller historia om terrengsykling i Ål.

Desse tre linjene kan alle knytast til oppstarten av prosjektet Tråkk N Roll Ål i 2015. For å vite kvar me skal er det som kjent bra å vite kor ein kjem i frå. Litt av poenget med å trekke fram desse historiske linjene er å vise at til tross for mykje mediemarksemdu og aukande sal er ikkje terrengsykling å rekne som "keisarens nye kler". Terrengsykling har eksistert og rørt seg i bygda i generasjonar, her som andre plasser i verda.



Graving av sykkelbane til Huckfest. Til høgre, sykling under festivalen Foto: Vegard Breie



KJELDER

- Andebarkji TSK, v Ole Bjørn Tretterud
- Hallingdølen, 3570 Ål, div artikler i arkivet.
- Rabben Brekke Magnus, "Sykkelenes historie i Norge" 2017, Museumsforlager Oslo
- Ål bygdearkiv v Ola Terje Oleivsgård



Kraftprøve: Nina Güssler fra Geilo og makker Hans-Jürgen Stauber vart nummer fem i eit åtte dagars etapperitt på terrengsykkel i Alpane. Foto: Sverre P.

Femte-plass i Alpane

Nina Güssler fra Geilo og lagkamerat Hans-Jürgen Stauber vart nummer fem av 60 tomannslag i sykkellrittet Trans Alp.

Torbjørn Gunnhildard
ig@hallingdølen.no

Tyskfodde Güssler var tilbake i heimtraktene då ho deltok i terrengsykkelrittet Trans Alp. Saman med motjøstinen og kompisens Hans-Jürgen Stauber deltok ho i mix-klassen i eit åtte dagars etapperitt over 670 kilometer og 21.500 høydemeter.

Güssler og Stauber vart nummer fem av til saman 60 lag i mix-klassen.

– Det var ein krevjande, artig og spennande konkurrans. To dagar var det kaldt og sno i høgda. Me hadde ikkje noko støtteapparat, så me måtte greie oss sjølv og er veldig fornøgd med at me greidde oss sū bra i forhold til mange andre som hadde fleire servicebilalar, opplyser Nina Güssler til Hallingdølen.

Neste år håpar ho å få slskap av fleire hallingar i Trans Alp.

Hallingar i sykkelen-NM

NM i terrengsykkelmaraton vart avvikla i Sarpsborg i helga. To syklistar frå Andebukkji deltok og hevda seg bra.

Junioren Ole Martin Stettmoen Brenno kom på pallen. Golling vart nummer tre av 14 deltagarar i juniorklassen på tida 3.46.47. Thomas Engelskjær frå Halden vann klassen på 3.34.40.

I seniorklassen vart Nils-Gunnar Arnegård nummer 25 av 90 startante på tida 3.37.23. Lars Ragnar Mænningen, Lillehammer vann på 3.14.38.

- Ein draum har gått i oppfylling

■ Sykkelpark ved Sando

■ Opna under Hillbilly Høkk

Fredag opna den nye sykkelparken i samband med Hillbilly Høkkfest.

Mari Fjærtott Bjørnstad
mfb@hallingdølen.no

Både små og store hadde tatt turen til Sando i Ål for å innvie dritt jumps og pump tracks.

Ein draum

Før to år sidan trappa to unge gutter opp på kontoret til kulturstyret Hilde Bjørnvik.

– Den kom med teikningar på koden dei ville ha i en sykkelenbane, og sparte om eg kunne lage ein slik til dei, fortel ho.

Dei to gutane var Elvind Holseth og Lars Gunnar Frydenlund, og dei var sjølvagt i sykkelparken denne dagen.

– Det er berre heilt fantastisk, var dei to einige om.

Endeleg fekk dei sykkelparken dei ønskte seg. Den var til og med betre enn dei hadde trødd.

Sidan den vart ferdig, har dei vore der både sein og tidleg.

Proffbane

Ål kommune leigde inn sykkelentusiastar frå Ål for å planlegg utbygginga. Det fekk igjen noko av dei beste syklistane i Norge til å hjelpe til.

Reisetaket er visstnok ein av dei aller beste hanane i Norge ifølgje Knut Myking som er ein av sykkelentusiastane på Ål.

– Banen gjer på fleire vissfolk dyktigare til å sykle, fortel han.

Blant anna er det rundt banen det dei kalla pump tracks. Dette er dumpar som ein skal «pump» seg igjennom utan å bruke beina. Detta saman med alle des andre moglegheitene gjer at ein blir betre på sykkel.

Endå viktigare er kanskje at sykkelenbanen samlar unge i alle aldrar til felleskap og leik.

Vegard Breie som er ein av initiativtakarane til Hillbilly Høkkfest, fortel at sykkelparken allereie har vorte umulleg populær.

– Det er folk her stort seit helle tida. Det er moro å sjå at dein blir tatt i bruk, fortel han.



Endeleg: Elvind Holseth og Lars Gunnar Frydenlund la fram teikningar for korleis dei ønskte seg ein sykkelenbane for to år sidan. No er den endeleg her.



Stimulerer: Banen er bygd for å utvikle syklistane på mange plan. Vegard Breie filmar.

Hjelm til alle Sando-ungar



■ Hjelm er stas, meiner Sando-ungane. Både på sykkel og hovudsader er god.

Alldeles barna i Sando, Ål, har hjelm når dei syklar til skolen, og Gerd Kolbjørnsengard og Kristin Oppsal vant pladskafa i hjelmskifte. Men det har ikkje vore problem med å få barna til å bruke hjelmen, fortel Anne Grøte Slatto. Hovudsader er vanlege for skuldbarnet barn. Også i alpinbakkanane er denne typen skader vanlege. Vi hjalp at dette initiativet frå Sando vil føre til at fleire skular tek opp ideen, og reduserer farene for alvorlege hovudsader blant syklende og hovudsader barn, meiner Slatto.

Etter å ha syklet i Nordmarka i Oslo de siste månedene hadde vi lyst på større utfordringar. Vi bestemte oss for å sykle en helt nedefor Dodesfjellet. Fantastisk natur med skallavlinger rundt steiner og i kuperet terreng. Utsikten var ubeskrivelig. Men så hadde vi heller aldri opplevd så mye nederlag før. Vi måtte sykle nedover. Men plutselig rok ei bølgje i bakketaket på den ene sykkelen. Denne var det bare å komme seg bort. Men appleyden lokket oss tilbake ved en senere anledning.

Andres Bergene og Michael Deyor gjorde nok sitt til at samle foreldre til å oppmuntre og sjå til at barna brukar hjelmen. Interesserte demne

På sykkeltur til Reineskarvet

Mountain-biking er blitt populært i Norge. Stadig flere kloper seg spesielt sykler til hardt terreng og som er lettstående. Men sjøl om sykelsalet har tatt seg kraftig opp, er det ikke ofte ein møter på syklistar lang til Bell, 18-åringene Anders Bergene og Michael Deyor fra Oslo har imidlertid testet fjellveier og merke stier i Bergsjø-traktene i Ål.

Etter å ha syklet i Nordmarka i Oslo de siste månedene hadde vi lyst på større utfordringar. Vi bestemte oss for å sykle en helt nedefor Dodesfjellet. Fantastisk natur med skallavlinger rundt steiner og i kuperet terreng. Utsikten var ubeskrivelig. Men så hadde vi heller aldri opplevd så mye nederlag før. Vi måtte sykle nedover. Men plutselig rok ei bølgje i bakketaket på den ene sykkelen. Denne var det bare å komme seg bort. Men appleyden lokket oss tilbake ved en senere anledning.

Andres Bergene og Michael Deyor gjorde nok sitt til at samle foreldre til å oppmuntre og sjå til at barna brukar hjelmen. Interesserte demne

Hallingdølen, 04.10.1988

Sykkelens 200 år

Det er vel ikke enkelt slik på øret å stødfeste aldoren på trasyskelen, men det blir hevd at det er 200 år siden at det første brukbare tohjulssykkelen vart laga. Det var ein franskmann som hadde snikra den isom. Sykkelen hadde to trehjul, og ei fjel eller trebjørke som brett desse hjula saman, frå sentar til sentar. Midt på var det ei fjel til å sita på, endå syklisene kom seg fram ved halvveges å liggja med hendene på et slogs styre utan styring, og bruke føtene til å sparka på ymse vis ned i vegbanen.

Altso nær det me gurungane miksa i sammen og sette til utover bokken i gordrommet til me enda i bortokosten, med skrämmer i skinnet og nitt i buksa og trøye.

Mane store bruksartiklar har sett si fyrste utgåve som eit fantasiprodukt. Det heiste at den fyrste nærmikkende rosemålaen her i landet, Trude Gunhildgard, ein fantasifull kar, også prøvde seg med å fløge. Han misunte krökene slik dei slengde seg omkring i Vatndalen. Han laga seg venger dekte med bjarkenever og gjorde eit prøvande hopp frå ein idje for høgt fjestak. Og kom frå det med livet. Det fortelst elles at den seinare Torkel Juven i Ustdalen og gjorde eit sikt eksperiment. Han fekk ein myklandning i mukjakoken. Derved var det punktum for vidare eksperimentering i den lei.

Ordet sykkel er ei forkorting av «bicycles», egentleg «to-hjul». (Opphavleg latinsk *cyclos* - ringhjul.) Og så sykkelen fann mange utgåver før den stabiliserte seg for om lag 100 år sen. Det som har kome separe er fåse ting, men hovudprinsippet med to hjul, ei ramme som held desse saman, styrbar forhjul, og pedalar med trossa til baknævet, har ikkje endra seg.

1187 var utviklinga komaen som langt at tyskaren Karl Fredrich von Drais fekk til ein styrbar tohjulssykkel, velocipeden, men enno utan bremsar. Ein dette sparka seg framover, derav namnet som egentleg tyder «rask med fotene». Oppfinninga vann ikkje fram endå det var laga ein del av denne, også i andre land.

Fyrst i 1839 fann dei på å sette pedalar på forhjulet. Av gode grunner måtte ein haide seg på flattmark, for at ikkje farten skulle bli for stor. Men so var det ein glegging som fekk laga bremseklossar på framhjulet.

Franskmannen P. Michaux var den fyrste som produserte syklar i sterre stil. Om lag 1870 hadde han ein sykkelfabrikk med 300 ansatte. Dei laga 5 syklar om dagen. Franskmenne var dei lei-dende i sykkelproduksjonen til den franskyske krigen i 1870-71, då England slo til og var ledende. Ei tid.

1876 gjorde breinen H. J. Lawson ei viktig oppfinning med sykkelkjeda og pedalar.

Sykkeln utvikla seg elles i bruk etter som vegetettet vart bygd ut. Endå det skulle ikkje rare stigen til fer ein kunne like seg fram med ein sykkel. Til sine tider var det nærmast å somanlikne med dagens terrengsykling. Det var i alle høve ingen «løremøyse» å sit på ein slik sykkel. Han hadde rett nok gummihjul, men dei var kompakte, som på dei fyrste bilane.

Men likt seg, det var stadig spørsmål om å få større fart på sykkelen. Et eksperiment var å laga framhjulet stort, og me fekk den kjende Velocipeden eller «Velte-Petter» i 1872. Men det vart ingen suksess. Det var vanskeleg å koma opp på ein slik sykkel. Og hadde ein greid det vart det å sita gagle for å halde balansen. På Hol museum har dei ein slik.

På ein Holsdags vögde turistef Klaue livet for å demonstrere slik sykling.

Denne sykkelen hadde lett for å velte. Derav og namnet. Og då dei vart fleire ulykker av den grunn, også med «dåden til falgen», kom sykkelen av mote. Den var dyr. Prisen i 1890 var 250 kroner.

Den siste store og avgjørende oppfinninga for sykkelen kom i 1890 med luft i ringane. Det var dyrelege, engelskaren John Boyd Dunlop som fann på dette. Fem år seinare kom frittihjulet som gjorde at ein kunne halde pedalaene stille om sykkelen gjekk av seg sjølv.



Tollef Trastheim, FØ, med sykkelen om lag 1910. Som ein ser, fotografen hadde med eit teppe som bakgrunn. Sykkelen hadde ikkje kledkasse, endå, men kofjulslenes med ei kloss ned på hjulet.

i utspringende.

Hér i landet var me tidleg ute med å dra nytte av sykkeloppfinninga. Alt i 1880-åra vart Kristiania Velocipedklubb stifta, og snart var det mange sykkelklubar rundt om, i byande.

Den fyrste syklisten ein såg i Hallingdal skal ha vore i 1881, då ein negor sykla gjennom dalen, opp Hemselv og over til Vestlandet. Folk snakka lange etterpå om dette, både om der farga skopset og den merkelege døningen.

I 1902 vart det arrangert eit «sykkelritt» for Hallingdal og Kradsheierad, so då møtte alt mange ho fann seg slike framkomstmiddel.

Med sykkelen, som med den seinare bilen, i den fyrste tida var det folk med pengar som kunne ha röd til noko sikt, og følgelig vart det status å ha ein sykkel. For so kom bilen etterkvart utover på 1900-talet, (den fyrste bilen kom gjennom Hallingdal i 1909). utover på bygdene tok dette si tid. Difor var det ikkje sjeldan at folk fotograferte seg med sykkel, ein eller fleire i lag, so snart som i 1920-åra.

Under siste krang hadde sykkelreparatorene ein gulfolder. Mane var finke og fekk nye eksar i hjul som nærmast seg åttetil å sý til. På slutten vinkla hjulet i alle leier, gjemte med eit innlegg eller to, eller ein taum rundt eit dekk som truga med å eksplodere. Og delar som hadde røg vart sveisa i samen, eller bytte med andre, gamle delar. Ein god sykkelreparatur hadde lager av gamle syklar, meir og mindre defekte, men der eitt og anna kuma koma til nytte. Det gjekk mange år etter krang for dei fleste hadde sjanser på å få ein ny sykkel. Dessutan kosta han endå so mykje, i forhold til det ein tente då, at det var ikkje for ein vanleg ungdom å tenkja på noko sikt.



«Der hevar han brattest stupar, settar han utover...» Fra venstre Ole Bjørn Tretterud, Kjell Etjen, Bjørn Botten og Harald André Jordet.

Mot mål med mangekamp for halvgalne

Ungar er ikkje alleine om å finne på galskap. På Torpo og i omegn er eit par tittals halvgamle mannfolk i ferd med å avslutte ein mangekamp utanom det vanlege.

Drive'rei å varme upp? Kje tillatt det, also? Det syns e is på grensa!

Tempo sykling rundt idrettsplassen er ei av øvingane som blir avvikla. Og som det brukar å stå i skulestidlane: «Titterpå var alle einige om at det hadde vore ein fin tur!»

Ein ting til kunne dei einast om då alle vel hadde fått att punten:

Det var grådig tungt bort på grusen der!

Avtillt med reker

Tidlegare på kvelden hadde dei sykla i konkurransesamanheng på Torpo, og også dette eit påfyll. Ole Bjørn Tretterud har skulda for Sykkelreparatører er kanskje utstyrt med ein større posisjon: fantasi og oppfinnsomhet emn folk flest (jf: Reodor Felgen i Flåklypa)!

Før smart to sådan tanser han «50-kampen», ein konkurrans med 50 høgast asserte øvingar. I desse dagar er dei ivrigast av halvgalne mangekjemparar i ferd med å kome i mål.

Avtillningsøvinga er ikkje den minst originale: Rekerking. Om å gjere å reiske mest reker på fem minutt!

Få med at me treng ein sponsor til avslutninga, gliser Ole Bjørn Tretterud.

Hegdeskrekk

Hallingsdalen kunde ved sjølvsyn konstater at konkurransen er alverleg noth når han pågår. Vinnarinstinktet er lett å lokke fram hjå dei fleste av oss.

Men sjeld om det blir fjernt nøyaktig rekneskap og det han ser då han kjem:



Snart klare for rekrekining og øving nummer 50. Fra venstre Elvind Tørsethaugen, Ole Bjørn Tretterud, Harald André Jordet, Kjell Etjen og Bjørn Botten.

Eit fint tiltak! Det er bra at nokon tek slike initiativ, men Harald André Jordet frå Nes.

Han kan også fortelje at kveden skal avsluttast med potetpeiling hjå Ole Bjørn. Så litt matnyttig kjem det også ut av det heile.

Eg veit ikkje heilt korleis du har laga reglane der; Ole Bjørn, undrar han.

Det blir til under vefs, forsikrar potebonde, sykkelreparatur og 50-kamp arranger Ole Bjørn Tretterud.

Ja, du skalsett i døl! Då van kje rare kremmar'n, kommenterer Elvind Tørsethaugen.

Matnyttig

Det fleste av dei rundt 20 som er med på 50-kampen, er fra Torpo. Men det er også delta-karar frå Ål og Nes.

► KJELL SLÅTTEN

2.2 UTVIKLING OG HISTORIE

Det er noko usemje om kvar, og kva tid terrengsyklinga oppstod. Syklistar frå Santa Cruz i California, USA hevdar dei var fyrst, men det er ikkje ein canadiar frå Vancouver samd i. Samstundes vil nokre britar kaste seg inn i diskusjonen. Som rørsle skaut sporten fart på 70-talet, som ein del av hippiekulturen. Etter kvart vart det ulovleg å sykle på grusvegane dei ofte nytta seg av, og då blei det til at mange av syklistane organiserte seg og starta å utvikle eigne nettverk for sykling. Bygging av stiar for rekreasjonsformål var ikkje noko nytt, då stiar til vandring allereie var vanleg å bygge ut. Sidan då og fram til i dag, har frivillege utvikla enorme stinettverk over heile Nord-Amerika. Allereie frå starten av, var det mykje konkurransepreg på syklinga, og på 90-tallet var terrengsykling blitt fleire konkurransegreiner.

Terrengsykkeldestinasjonar har oppstått på ulike vis, ulike plassar i verda. Ein kan grovt sette to ytterpunkt, der den eine er ei rein komersiell utvikling, medan motpolen er stinettverk utvikla av syklistane, for syklistane, såkalla organisk utvikling. Dei fleste destinasjonane er ein kombinasjon av begge. Destinasjonane som kombinerer dei to tilnærmingane vil kunne skape noko unikt og autentisk. Når syklinga har starta å ta av har ein behov for ordna rammer og tydeleg retning i satsinga. Mange av terrengsykkeldestinasjonane i Nord-Amerika var opphavleg utvikla av lokale syklistar, men etter kvart såg ein at stiane var ettertrakta og at folk kom reisande for å sykle dei.

I Noreg har terrengsykling vore på agendaen sidan 80-90-tallet med ein liten nisje som sykla på sti, medan fleire sykla konkurransar ala Birkebeinerrittet (arrangert første gong 1993) og liknande konkurransar med trasear for det meste på grus- og traktorvegar, og nokre strekk på asfalt. No er det sykling på sti som er ettertrakta og om nokre år vil sykling på sti vere like populært på sommaren som det alpint og toppturar på ski er om vinteren.



Joe Breeze, ein av pionerane innanfor terrengsykling.

Foto: Larry Cragg / Marin Museum of mountain biking

2.3 KVA ER TERRENGSYKLING?

Terrengsykling er ei fellesnemning for ei rekke ulike sykkeltarmar. Mange av greinene har sitt opphav i konkurranseformer, og her kan ein nemne i fleng. Me vil ta med dei mest vanlege greinene, men det må poengterast at terrengsykling ikkje først og fremst er ein konkurranseidrett. Mange av greinene overlappar i stor grad med kvarandre, og det er ikkje naudsynt med spesialanlegg for alle kategoriene. Eit stinettverk kan tene fleire av greinene. Her har me tatt med ei oversikt over dei vanlegaste greinene.



SYKLING PÅ GRUSVEG

Sykling på grusveg handlar ofte om å sykle lengre distansar og gjerne med gode naturopplevingar. Mange grussyklistar motiverast av dei klassiske grusritten som har eksistert i Noreg siste 20-30 åra t.d. Birkebeinerrittet. Dei siste åra har deltaking på slike ritt stagnert, og dei ivrigaste birkensyklistane søker no meir mot sti enn grusvegar. Sykling på grusvegar er no mest populært for dei over 40. Grussykling krev ikkje god sykkelferdighet, men er ikkje å regne som lågterskel. For å få meistring må ein sykle langt, noko som er slitsamt, einsformig og lite motiverande for barn.



CROSS COUNTRY (XC) / RUNDBANE / MARATON

Cross Country, heretter kalla XC er ei fellesnemning for terrengsykling der ein beveger seg på tvers av landskapet, opp og ned. XC er ofte eit konkurranseformat og då snakkar me høvesvis om rundbane og maraton. Rundbane er ein konkurranseform der ein sykler mange runde i ei løype på 4-6 km, medan maraton er sykling over lengre distanser, gjerne rundt 80 km. Her er det mykje fokus på trening, lengre distansar og meistring på sti.

STISYKLING

På mange måtar liknar stisykling både på XC og Enduro, men det er ikkje ein konkurranseform. Syklinga går som regel føre seg i småkupert terrenget på naturlege stiar. Dei siste åra har det vokse fram ei rekke dedikerte stisykkelanlegg med oppbygde stiar tilpassa ulik vanskegrad. Fokuset her ligg mykje på meistring, naturoppleving og adrenalin. Det er dette me ser på som det største vekstsegmentet innanfor terrengsykling.



UTFOR (DOWNHILL)

Sykling med utelukkande fokus på nedoversykling, er òg å finne i konkurranseform. Ein nyttar gjerne heis eller bil som transport til toppen. Løypene finst i ulike variantar og vanskegrad, men ein kan grovt sett dele inn i tekniske stiar, og maskinbygde parkløyper med hopp og element.



ENDURO

Enduro er eit konkurranseformat der ein har fartsetappar som fortinnsvis går nedover. I likskap med bilrally er det den samla tidsbruken på fartsetappane som gjev resultatet. Sjølv om Enduro er eit konkurranseformat er det mange som vil kalle seg sjølv endurosyklistar, sjølv om dei ikkje konkurrerer. Om det sykles mot klokka eller ikkje, er det sykling på nedover på sti som er fokus, gjerne lange samanhengande stiar som byr på mykje adrenalin. Miljøet har voks mykje i Noreg dei siste 5 åra og er etter kvart blitt ei kjøpesterk kundegruppe.



ELSYKKEL (PS! IKKJE EIN EIGEN KATEGORI)

Elsyklar tek over stadig større marknadsdel, også innan terrengsykling. Terrengsyklar i alle kategoriar er no mogleg å få med motor. Dette er ikkje ein eigen kategori, men inntoget av elsyklar vil gje nokre endringar i bruksmönster. Den største endringa dette vil føre til over tid, er at syklistane dekker større område per dag med sykkeltarmar. Ein er difor avhengig av å ha nok stiar. I tillegg trur me det vil kunne føre til både brukar- og grunneigarkonfliktar.

2.4 TRENDAR

Sykkeloptimaliserte stiar og løyper for sykling

- I samanheng med terrengsykkelsatsingar vert det bygd lågterskel sykkelløyper der ein kan nytte den sykkelen ein allereie har. Dette gjer eat ein når ei stort volum av brukarar

Kategoriane smeltar meir i lag

- Syklistane ynskjer varierte turar. Flyt, motoriske utfordringar, trening, naturoppleving er viktige ingrediensar.
- Ulik vekting mellom brukarar kva som er viktigast, men dei fleste ynskjer litt av alt.
- Syklane blir stadig meir kapable og kan takle både grovt terrenget og lengre transportetappar -> ein terrengsykkel til alt.

Effektiv turar i nærleiken av der folk bur:

- Etter kvart som terrengsykling er noko ein driv med i ferier eller helger vil mange ynskje å sykle i kvarvarden. For barnefamiliar er det difor viktig at ein kan ta raske turar i nærleiken av der folk bur. Dette gjeld både for at barna kan bruke anlegga på eiga hand og for foreldra som får pressa inn ein kjapp tur i ein ellers hektisk kvardag. For ein sykkelentusiast som har ein time til rådighet er det viktig at turen er effektiv og ein får tråkka på og kjent litt på adrenalinet.
- Sykling som gjer at ein ikkje treng å sette seg i bilen.
- Folk vil ikkje bruke tid på knot, men få best mogleg sykling av den avsette tida.

Endring i ritt og arrangement

- Nedgang i deltaking på "grusritt".
- Birkebeinerrittet har halvert talet på deltararar dei siste 10 åra.
- Auka pågang på meir stiorienterte ritt, t.d. Ultrabirken og Terrengsykkelrittet.
- Mange stisykkelfestivalar utan konkurransefokus.
- Internasjonalt er deltaking på enduroritt i vekst, men i Noreg har deltakinga stagnert.



Foto: Tråkk'n'Roll/Paul A. Lockhart

Stisykling for alle! Her testes ei rykende fersk løype i Hemsedal, realisert gjennom Tråkk'n'Roll prosjektet.

2.5 KVIFOR TERRENGSYKLING?

Lokalsamfunnet i Ål har fleire kvalitetar som utmerker seg særskild i bygdas profil. Kvalitetar som utmarksbruk, helse og kultur veg tungt i profilen til Ål. Sjølv om Ål ikkje har same destinasjonspreg som nokre andre stader i Hallingdal, er Ål fortsatt ein betydeleg aktør i reiselivet, særskilt med tanke på talet av hytter i kommunen. Utvikling av terrengsykling kan knytast til alle desse kvalitetane og styrke identiteten til bygda Ål. Her tek me ein gjennomgang av korleis terrengsykling kan bidra positivt i utviklinga av Ål.

2.5.1 REISELIV

Reiselivsnæringa er ei av dei raskast veksande næringane i verda, og aktive ferier er den delen av næringa som veks raskast, og som er venta å bli den største marknaden på sikt. Sykling er ein del av dette og det meldes om at sykling, i lag med vandring, er dei mest etterspurde aktivitetane folk ynskjer å drive med når dei er på ferie sommartid. Det held ikkje å sjå på naturen lenger - ein skal **delta** i naturen.

Terrengsykling som reiselivsprodukt er noko som dei siste åra har dukka opp på alle kontinent. Nord Amerika var tidleg ute, sidan kom Storbritannia, Alpane, New Zealand med fleire. I Noreg har Trysil stått for den fyrste vellukka reiselivssatsinga opp mot terrengsykling. Det er ulike forretningsmodellar knytt til kapitalisering av terrengsykkelturisme. Felles for alle er at det ikkje er vanleg å ta betalt for at folk syklar på stiane, men at verdskapinga skjer på tilboda rundt. Det kan vere servicetilbod direkte knytt til aktiviteten, til dømes heis eller biltransport for å koma seg til toppen, det kan vere parkering, overnatting, servering og andre servicetilbod. Verdskapinga skjer altså ikkje på sjølve stien, men på alt rundt. Stiane er samstundes grunnpilaren i satsinga. Ingen spesifikke sykkelloyper, ingen verdiskaping. Ein kan sjå på stiane som faktoren ein kan gange kassaapparata med. Dess betre og fleire stiar ein har - dess betre inntening kan ein vente seg. Stiane er difor heilt naudsynte for å skape næring frå terrengsykling.

Dei siste 10-15 åra har terrengsyklinga lagt frå seg meir enn merke i skogen. Gjennom utbyggingar av omfattande stinettverk

for sykling har mange bygder klart å snu fråflytting til innflytting, og konkursar til nyetableringar. Dette har no spreidd seg til avsidesliggende bygder på fleire kontinent, og talet på sykkeldestinasjonar er i rask vekst. Dei ferskaste døma no er frå Tasmania, ei øy tilhøyrande Australia. Ei av bygdene, Blue Derby, har gått frå å vere ei fråflytting gruvebygd til å bli ein av verdas mest ettertrakta terrengsykkeldestinasjonar.

Her har ein på bakgrunn av nye planlegging og gjennomføring fått til skikkeleg kassasukcessar knytt til terrengsykling som reiselivsprodukt. Hotell som har vore stengt i årevis blir opna, nye restaurantar kjem til, og ein ser eit samfunn som har klart å snu fullstendig takka vere ein pågående investering i eit sykkelspesifikt stinettverk som no teller 125 kilometer.


Ein fellesnemnar på dei fleste suksessane er at ein har bygd stiar som er kjekke å sykle for eit breitt spekter av aldrar og vanskegrad. Ein kan tilpasse tilboden til den brukergruppa ein ynskjer å tiltrekke seg. I dei fleste høve vil det seie å bygge enklare stiar. Då er det ikkje **terrengsykkelnisja** som er målgruppa, men alle dei som kan sykle. Då er marknaden mykje større og ein sikrar betre inntening.

Når det kjem til verdiskapinga i samband med terrengsykkelsatsingar er det ikkje berre snakk om direkte inntening knytta aktiviteten og servicetilboda. Ein ser meiomsetning i ulike sektorar. Ein har mange døme på auka boligprisar og tomtepriser i samband med sykkelsatsingar. Nemnde Blure Derby, og Trysil kan er to dømer.

Er terrengsykling berre ein farsott som om nokre år blir sett i bås med tomme symjebasseng på høgfjellshotell? Me trur ikkje det, og det er gode argument for at dette ikkje vil skje.

Grunnen til at terrengsykling i Noreg ikkje tok av på 90- og 2000-talet har mykje med utstyret å gjere. Stiane i Noreg er stort sett så knotete at det var berre for særskilte våghalsar. Stiane har ikkje endra seg i stor grad sidan den gong, men syklane er vidt forskjelle! Utvikling av nye syklar har spelt ei sentral rolle i utviklinga, og gjer at sjølv dei knotete stiane i Noreg, no er farbar med ein god terrengsykkel.

Me ser mange årsaker til terrengsykling har blitt så stort, og forventar å vekse mykje i framtida. Den fyrste er endring i aktivitetsmønster. Dei siste tiåra har det kome fleire fartsfylte aktivitetar som blir utøvd i naturen. I tillegg til terrengsykling er toppturar på ski, klatring, tinderangling, kiting, surfing døme på aktivitetar som har hatt ein eksplosiv vekst i tal utøvarar dei siste 10-20 åra. I dei tidlege åra til desse aktivitetane såg ein på aktivitetane som ungdomsopprør, men no har fleire av dei blitt daglegdagse for mange. Ofte nyttar ein diffusjonskurva når ein skal beskrive korti folk tek i bruk ny teknologi. Her nyttar me same kurva for å vurdere kor me trur stisyklinga i dag.



Som me ser er terrengsyklinga kome eit stykke på veg. Når ein bygger stiar og løyper tilpassa den sykkelen folk flest har, blir det ein aktivitet for majoritetane. Dette har dei klart på Trysil, og den største kundegruppa er folk som ikkje vil sjå på seg sjølv som stisyklistar.

Me veit at dersom ein bygger lågterskelanlegg vil det hjelpe mykje på rekrutteringa. Men kvifor skal plutselig alle sykle terrengsykkel? Det er ikkje slik at alle må sykle terrengsykkel, men me ser mange samfunnsnyttige effektar av auka sykkeltaktivitet, og me trur at alle som kan sykle vil ha glede av terrengsykling!

2.5.2 TERRENGSYKLING SOM SAMFUNNSBYGGAR

Terrengsykling for mange er ikkje ein aktivitet som dei er ferdig med når dei kjem heim. Det er ein livsstil. Sykling i terrenget og langs vegar er ein del av ein aktiv livsstil i dagens og morgondagens friluftskultur. Dei som sykler i terrenget har kanskje lettare for å velje sykkel framfor bil. Med dagens samfunnsutfordringar med m.a. livstilsjukdommar og ynskje om eit grønt skifte kan sykling vere ein del av løysinga.

Dei siste åra har me sett ein ny generasjon som etablererer seg på landsbygda i Noreg. Unge folk slår seg ned i bygdene for å leve tettare på naturen og dei aktivitetane ein kan drive med der. Mange er opptekne av nyskapande friluftsliv, og vil bruke meir tid på å drive med aktivitet i kvarvarden, i motsetning til å bruke mykje tid på reising frå byen til fjellet. Det kan vere byfolk som slår seg ned, eller utflytta lokale som kjem heim etter fullførte studiar. Førebels har desse folka vore pionerar i aktivitetane dei driv med, men me ser at lokalbefolkinga adoptera ein del av livsstilen til dei unge etter kvart. Det har me sett på skifronten, der frikjøring og toppturane berre var for dei få, medan det no blir meir og meir vanleg for vanlege folk. Me er sikre på at terrengsykling vil ha eit liknande utviklingsløp. Legge til rette for terrengsykling trur me difor vil vere eit stort konkurransesfortrinn for morgondagens lokalsamfunn. Mindre stadar med aktive sykkelmiljø der det har blitt satsa på stiutvikling, har ofte ein aktiv befolkning, og dei er attraktive for aktive besøkande. Terrengsykling kan slik fungere som både naturbasert og kulturbasert reiseliv.



Foto: Knut Mykking

Store ringvirkninger fra sykkelsatsing i Trysil

Tallene viser at Trysil fortsetter å vokse om sommeren.

[Del på Twitter](#) [Del på Facebook](#) [Tips en ven](#) [Skriv ut](#) 22.10.2018 - Informasjon til Langrenn.com fra Destinasjon Trysil

I følgje rapport fra Transportøkonomisk institutt stod sykkelsatsingen i Trysil for en meromsetning på hele 55 millioner kroner i 2017 sammenlignet mot 2014.

I år rundet Trysil Bike Arena 200.000 syklede runder i anlegget sitt, som det er investert 19 millioner kroner i siden 2014.

I en ny rapport fra Transportøkonomisk institutt (TØI) kommer det frem at de økonomiske ringvirkningene fra sykkelsatsingen i fjellbygda Trysil er stor.

- Vi har akkurat avsluttet vår femte sesong med satsing på stisykling. Rapporten som TØI har gjennomført er viktig for å vise at sykkelsatsingen nå gir de ringvirkningene som vi hadde som mål.

- Vi visste at satsingen vår har gitt resultater på bunnlinjen for både små og store aktører i Trysil. Det er gledelig å se at meromsetningen er så stor, sier daglig leder i Destinasjon Trysil, Gudrun Sanaker Lohne.

Vokser for fjerde år på rad

Trysil er i ferd med å avslutte årets sykkelsesong. Tallene viser at Trysil fortsetter å vokse om sommeren.

I år landet de på 53.000 sykkeldager, mot 40.300 i fjor, en økning på over 30 prosent. Og det er syklet hele 200.300 sykkelrunder i Trysil Bike Arena i år, mot 155.000 runder i fjor.

- Det er svært gledelig at vi fortsetter å vokse. Vi vokser både i antall sommerturister, samt at sykkelproduktet vårt vokser. I år har vi bygd 5.300 nye meter med sykkelsti.

- Det er blant annet fire nye hovedstier som allerede har rukket å bli populære. Den siste stien vi åpnet, Fjellflyten, ligger i Fageråsen, hvor det i årene fremover vil skje mye spennende, smiler Sanaker Lohne.

136 millioner kroner i årlig vekst

Videre sier rapporten fra TØI at en økning i antall gjestedøgn på 50 prosent fra 2017-tallene, vil generere 136 millioner kroner i året i nyskapt, sykkelrelatert omsetning.

- Målet vårt er å skape en helårsdestinasjon, med en jevnere fordeling i gjestedøgn mellom vinter og sommer. Vi har stor tro på vi kommer til å vokse videre i antall gjestedøgn om sommeren.

- Vi ser et stort potensial i Sverige og Danmark, som allerede kjenner vinterproduktet vårt fra før. I tillegg åpner den nye flyplassen, Scandinavian Mountains Airport, opp muligheter i flere nye markeder.

- Det er spennende tider for oss. Vi håper at både gamle og nye aktører i Trysil fortsetter å se mulighetene for økt omsetning som sykkelgjestene gir. Det er ikke vi i destinasjonsselskapet som tjener på at det er flere sommerturister her, det er det aktørene og hele Trysil-samfunnet som gjør, sier Sanaker Lohne.

Flere effekter av sykkelsatsingen:

- Sykkelhotell Radisson Blu Resort Trysil har en økning i antall gjestedøgn på 12 % fra juni til uke 41, sammenlignet med samme periode i fjor
- Kiwi Trysilfjellet har omsetningsøkning på 7 % i sommer
- 77 nye arbeidsplasser om sommeren/høsten 2017 mot 2015
- Flere sommeråpne spisesteder. Økt helårig kvalitet
- Nytablinger som minigolf, klatrepark
- Økning i etterspørselen etter fritidsboliger
- Positiv befolkningsvekst i Trysil (for første gang på mange tiår)

Artikkel hentet fra www.langrenn.com, 19.02.2019

2.5.3 FOLKEHELSE

Me ser nokre helsetrendar i samfunnet der me trur terrengsykling kan vere ein positiv bidragsyter. Den eine er å aktivisere ungdom som ikkje trivst med organisert idrett. Terrengsykling er ein aktivitet som gjev rask progresjon, adrenalin og mange blir hekta, slik at det blir ein livsstil. Ein kan sjå for seg mange rastlause ungdommar som kan få utløp for mykje gjennom terrengsyklinga. Syklinga er òg ein aktivitet ein tek med seg vidare i livet. Fråfallet frå organisert idrett er enormt i 17 års alderen, og når ein ser på statistikkane frå lagidrett er det forbausande få som driv med den idretten dei konkurrerte i, seinare i livet. Terrengsykling har ein styrke her ved at det er ein aktivitet ein tek med seg vidare i livet, og i utlandet kan ein treffje folk i 70-åra som er ute på terrengsykkel. Det er litt som ski. Ein sluttar ikkje, sjølv om ein sluttar å konkurrere! Dei som stiane blir plassert i nærleiken av der folk bur kan dei nyte dei som ein del av kvarvarden. Stiar langt til fjells er fint og flott for helgeturar, men i kvarvarden er det viktig å ha kort veg til aktivitetane, så ein får pressa inn ein kjapp tur i ein hektisk kvardag. Dette er noko mange saknar med dagens tilbod. Om ein i tillegg kan nyte stiane som ferdselsårer til og fra jobb, skule og barnehagar, har ein verkeleg noko å tilby som vil gje positive helseeffektar for innbyggjarane.

2.6 BEREKRAFTIG STIUTVIKLING

Dei som har vore ein del av terrengsykkelutviklinga i Hallingdal dei siste 5 åra, har hørt mykje snakk om berekraftige stiar. Det kjem det til å vere mykje snakk om i åra framover òg. All erfaring tilseier at sykling på eksisterande stinettverk ikkje fører nokon veg. Det må byggast stiar som er tiltenkt brukargruppa og som toler mykje vêr og slitasje. Stiutviklinga må skje på avklarte områder og ein må lage modeller for utbygging og drifting av anlegga. Berekraftig sti er ikkje berre éin type sti. Stiar som strekk seg etter desse krava kan ha mange ulike uttrykk. Ein kvar sti har ei oppgåve den skal utføre. Nokre stiar skal ha fleire oppgåver medan andre stiar er meir spesialiserte.

Den beste løysinga for at stiane og miljøet skal tolle den auka bruken, er å bygge berekraftige stiar. For at ein sti skal vere berekraftig må den oppfylle følgjande krav:

- 1. Natur:** Stien skal ha liten påverking på miljøet omkring, motstå erosjon og blende inn i omgjevnadane. Eit overordna mål med desse stiane er å holde brukarane på stien, og vatnet av stien.
- 2. Sosialt:** Stiane er utforma slik at dei reduserer konflikten mellom ulike brukarar og at han eksisterer i samband med anna arealbruk. Den må òg gi gode sykkelopplevelingar.
- 3. Økonomisk:** Å bygge ut eit nettverk av berekraftige stiar er eit kostnadskrevjande prosjekt. Det er difor viktig at ein har ein modell der nokre av inntektene frå syklinga går tilbake til vedlikehald og vidareutvikling av stinettverket.



Bilete syner litt av resultatet frå stibygging på Øvre Torpo i 2017. Kurset vart arrangert av organisasjonen Skål, no Villom. Under kurset fekk deltakarane bryne seg på stibygging både i teori og i praksis. Det var eit breidt spekter av deltakarar med ungdommar, sykkelentusiastar, grunneigarar og hytteutviklarar. Foto: Rekkje

2.6.1 NATUR

I Noreg har me tradisjon for liten grad av opparbeiding av turstiar, og stiane våre er stort sett slitasjemerker frå ferdsel, anten av dyr eller menneske, merka turstiar, samt eldre ferdsselsårer eller vegar i samband med jordbruk. Dette til skilnad frå mange andre land i verda der rekreasjon i utmarksområde er populært og ein har lagt meir fysisk til rette for dette. Med mange norske auge har dette vore sett på som ein styggedom, men no står dei same utfordringane dei hadde og bankar på døra. I møte med auka bruk, nye aktivitetsformer og naturbasert reiseliv vart presset på dei "naturlege" stiane for høgt.

Den avgjerande faktoren for slitasje på stiar, er korleis dei ligg i terrenget. Stiar som ikkje er opparbeid ligg ofte der det har vore enklast å ferdast. Det er som regel der det er lite vegetasjon, gjerne i botn av dalsøkk, flate områder o.l. Ulempa ved å legge stien desse plassane er at dette er ofte område som samlar vatn. Etter kvart som stien blir brukt vil ein få problem med gjerme og ein sti som stadig utvider seg på flatene, eller erosjon dersom stien ligg i ei helling. Eit anna moment med stiar i den norske tradisjonen er at dei ofte er lagt i terrenget for å ta seg frå A til B over kortast mogleg avstand. Då vil stien gå så rett som mogleg mellom to punkt, og den vil ikkje fylgje landskapet der det hadde vore mest hensiktsmessig. Kortaste veg frå A til B gjeld dersom ein skal opp på ein fjelltopp. Det resulterer i stiar som går i fallinja, som er den linja vatnet fylgjer på veigen nedover. Dette gjev store problem med erosjon, noko ein kan finne igjen på mange av desse stiane.

Me kan summere opp dette i at alle stiar har ei toleevne. Denne avhenger av grunnforhold, nedbør, mengde bruk, plassering i terrenget med meir. Mange av stiane me har i Norge har ikkje nådd tolegrensa si, og er derfor heilt fine å gå på, og mange er fine å sykle på, så lenge tolegrensa ikkje blir overskride. I problemområde med mykje bruk kan stiens toleevne bli overskride, og naturen tek då skade av bruken. Generelt kan me sei at stiar frå denne tradisjonen har låg toleevne, fordi dei ikkje er designa og dimensjonert for å tote omfattande bruk. Slik me ser det er det difor ikkje fruktbart å berre krangle om kven som slit mest av vandrarar og syklistar, men heller gjere vurderingar om korleis ein skal forvalte stinettverket på ein gode måte. Ingen er tent med stiar som blir 8-10 meter breie gjermehol, og då må ein gå aktivt til verks med tiltak.



Klassisk eksempel på stislistasje. Stien blir breiare og breiare. Foto: Rekkje

Bærekraftig sti under konstruksjon, stibygarkurs Torpo, 2017. Foto: Rekkje



IMBA (International Mountain Biking Association) har samla sju prinsipp for planlegging, design og bygging av berekraftige stiar. Me skal ikkje gå inn på dei her, men dette er metodikk som kan nyttast både til vandre- og sykkelstiar. Stiane bygd etter desse prinsippa kallar med traverserande stiar. Dei følgjer landskapet der det er mest hensiktsmessig med låg helningsgrad. Resultatet er ein sti som ikkje førar vatn, i tillegg til at det senkar terskelen for både sykkel og vandreturar. Ein nedoblirrasé bygd etter desse prinsippa vil òg hindre slitasje frå oppbremsing. Resultatet er betre opplevingar og mindre slitasje.

I Noreg har sherpastiar vekse seg populært dei siste åra. Det positive med desse stiane er at ein får ein slitesterk overflate som toler bruk i all overskodeleg framtid. Det negative er at dei som regel følgjer bratte trasear, og gjer at dei blir tunge å gå. Opplevinga av å gå i trappa er at ein blir gåande mykje med blikket inn i trappa, til skilnad frå traverserande stiar der ein ser meir av landskapet rundt. Til skilnad frå sherpastiar er traverserande stiar fleirbruksstiar som kan tilpassast vandring, springing, sykling, sykling med sykkelvogn eller byggast til fleir bruk.

2.6.2 SOSIALT

Ingen er tent med konfliktar. Difor er den sosiale faktoren viktig når ein skal utvikle stiar. Den er ikkje enkel, men her er nokre faktorar som er viktig å ta høgde for i planlegginga, og som kan vere med på å lage løysingar alle kan leve med.

Ein viktig del av et berekraftig stinnettverk som er meint på fleirbruk er at stiane er utforma slik at sambruken ikkje fører til konfliktar. Mange eksisterande stiar har därlege siktlinjer, og det oppstår difor uheldige situasjonar mellom brukarar. Her handlar det mykje om kultur frå både vandrarar og syklistar. Syklistane må vise omsyn til dei gåande, og dei gåande må respektere den lovgitte retten til å sykle på sti. Forsking syner at slitasje er hovudårsaken til at det blir konfliktar om stiar, men som skrevet i forrige avsnitt trur ikkje me skuldfordeling er løysinga til gode stiar. Forsking syner òg at sykling ikkje slit meir på stiar enn vandring, men at det er stiens utforming og plassering i terrenget som er den avgjerande faktoren for slitasje på stien. Unntaket er om det er bratt og syklistar låsar hjula på veg ned. Då slit sykkelen meir.

Me trur at konflikt knyta til stislitasje er kulturelt betinga, og at dekkspor og generell ferdsel i naturen med sykkel er eit framandelement mange opplever som forstyrrande. Dette er forståeleg og eit legetimt argument. Det er også eit argument me trur er mogleg å ta omsyn til i utviklinga. Gjennom utvikling av sykkeloptimaliserte stiar og løyper vil syklinga bli kanalisert til dei beste opplevingane. Dei store massane vil halde seg til bygde stiar og løyper, og gamle stiar vil få ligge meir i fred frå syklistane.

GJERDE- OG BEITEKRYSSING

Det er ikkje til å unngå gjerdepasseringar når ein skal ferdast i utmarka. Me trur ikkje tradisjonelle gjerdekrysninga med manuelle grinder er ei løysning for framtida, korkje for brukarane eller for grunneigaren. Ein treng løysingar som sikrar at dyra ikkje kan passere og som er enkle å nytte for brukarane. På sykkeloptimaliserte stiar burde ein bruke ferist tilpassa formalet eller liknande løysninga. På fleirbruksti kan ein nytte vektbelasta portar som lukkast automatisk etter gjennomfart.

På stiar som blir nytta som del av det "offisielle" stitilbodet bør ansvaret for gjerdepasseringar ligge på byggherren, eventuelt deisomfår vedlikehaldsansvar på stien. Det er viktig at det blir laga gode løysingar i samspel med grunneigaren når nye stiar skal byggast.

Det er ikkje å legge nye stiar gjennom beiteområdar, og eksisterande stiar kan vurderast å legge rundt beite om mogleg.

2.6.3 ØKONOMI

I forhold til mange andre aktivitetstilbod er terrengsykling litt komplisert når det kjem til foreningsmodellar. Stiane er å sjå på som ein fellesgode som kjem mange til gode. Difor er det alltid eit spørsmål om kven som skal koste utvikling av stinnettverket. Finansieringsløysingar dekker me seinare i dokumentet, men når stinnettverket er på plass blir det òg fort eit spørsmål om kven som skal vedlikehalde stiane. For at ein skal ha ein berekraftig utvikling av aktiviteten må det går pengar tilbake til stiane. Dette blir løyst på ulike måtar rundtom:

Frivillege lag og organisasjonar gjer vedlikehaldet

- Pluss: Har god eigarskap og kjennskap til stiane
- Minus: Etter kvart som stiane blir mange og bruken stor blir det samla behovet for vedlikehald større enn det dei frivillege kan/vil bidra med.

Offentleg / kommunalt tilskot

- Pluss: Føreseieleg
- Minus: Vanskeleg å få midlar til drift og vedlikehald

Privat næringsliv

- Nokre stader har det vore stor suksess med såkalla "stiadopsjon". Det vil sei at eit firma tek ansvaret for éin sti og stiller med midlar og dugnadskraft for å halde stien i hevd.

Om stinnettverket er av låg kvalitet, og, eller ikkje blir haldt ved like vil dette skade heile sykkelsatsinga og på sikt gi negative økonomiske konsekvensar for heile destinasjonen.



Iherdig innsats i forkant av Hillbilly Huckfest. Foto: Knut Myking

2.7 KATEGORISERING av anlegg og tiltak

For å ha ei best mogleg utvikling er det viktig å ha ei felles plattform for kva krav anlegga skal oppfylle. Anlegg for terrengsykling er fortsatt særskilt i Noreg, og ein har difor hentat kunnskap frå utlandet. Opplysningskontoret for terrengsykkel har samla eit sett med retningslinjer som seier noko om bredde, toppdekke, helling m.m. Dette er summert opp i ulike vanskegrader. I Hallingdal har Tråkk n Roll prosjektet bidrege med mellom anna bestillerkompetanse for dei kommunane som har bygd anlegg, noko som er positiv for ei heilskapleg utvikling i regionen.

2.7.1 DEFINISJONAR

STIAR OG LØYPER

Omgrepet sti er ikkje tydelig definert i Noreg, men det er ikkje mykje som skal til for å kalle noko ein sti. Eit dyretråkk er innanfor definisjonen av sti. Kva som er yttergrensa i andre enden for kva ein kan kalle ein sti er ikkje definert. Etter fire år i stibyggarbransjen har me derimot forstått at den gjengse nordmannen ikkje vil definere breie maskinbygde trasear som sti, men som løype. Dette til skilnad frå engelsk, der dei same traseane vil definerast stiar (trails). Me vil difor kalle traseane med høgast grad av opparbeiding for løyper. Me vil ikkje sette ein absolutt standard for dette, men trur det er lurt å dele opp for at folk flest forstår kva inngrep det er snakk om.

Ulike typar stiar og løyper i planen

I planen skil vi stiar og løyper mellom fleirbruk og sykkeloptimaliserte. Skilnaden ligg i at dei sykkeloptimaliserte stiane har større grad av sykkelement som til dømes doserte swingar, hopp, rollers, drop mm. Medan stiar og løyper for fleirbruk har design med fokus på naturtilpassing og drenering.



Foto: Tråkk N Roll/Paul A. Lockhart

Eksempel på sykkeloptimalisert løype (S.O.L)



Foto: Knut Mykin

FORKORTING	
FB	Fleirbruk
SO	Sykkeloptimalisert
S (Sti)	Bredda på stioverflata bør jamt over ikkje vere breiare enn 70 cm. Oppbygde element bør halde seg under ein halv meter. Inngrepsbredda kan vere større.
L (Løype)	Tiltak med overflate breiare enn 70 cm

VEDLIKEHALD

Berekraftige stiar handlar i stor grad om å leggja til rette stiar slik at det i minst mogleg grad må bruke ressursar på vedlikehald i framtida. Noko vedlikehald må ein likevel rekne med. Behovet for vedlikehald aukar med bruken. Når det kjem til vedlikehald nyttar ein ulike ord for kva som bør gjerast med sti. Me har oversatt IMBA (International Mountain Biking Association) sine ulike begrep for vedlikehald til norsk i skjemaet under.

ENGELSK	NORSK
BM (Basic maintenance)	Grunnleggande vedlikehald
RC (Reconstruction)	Rekonstruksjon
CO (New construction)	Bygging av nye stiar
AB, (abandon	Ueigna stiar (Utelat)
NO (no action)	Ingen handling



Foto: Reklje

2.7.2 ANSVAR OG TRYGGLEIK

I tillegg til at anlegga må oppfylle krava til brukarane må det skje på ein forsvarleg måte. Tryggleiken må takast i vare gjennom utforming av stiane, og oppretthaldast gjennom eit internkontrollsysten. Dette er det anleggseigar som har ansvar for. OFT vil i 2019 lansere ein vgleiar kring desse spørsmåla. Her vart og spørsmål knyta til kva ansvar grunneigar, tilretteleggar og dei som ferdast har knyta til stiane.


2.7.3 KVALITET

Når ein skal planlegge, designe og bygge sykkelanlegg er det viktig å bruke kvalifisert arbeidskraft. I Hallingdal har det vore jobba med kompetanseheving innanfor stibygging i heile Tråkk'n'roll prosjekten, og det er no fleire aktørar både i Hallingdal og ellers i Noreg som har spesialisert seg på terrengsykkelanlegg. For å sikre suksess på satsinga, er ein heilt avhengig av personell som veit korleis ein designar og bygger gode sykkelopplevelingar. Det er òg lurt å variere kva firma som byggar stiane for å få best mogleg variasjon. Me meiner desse punkta sumerer kva ein bør tenkje på når ein skal investere:

- Kvalitet framfor meter med sti
- Attraksjonsverdi, unikt og autentisk, identitetskapande
- Langtidsinvestering



Stisenter skil seg frå stinettverk ved at stiane og løypene er mykje meir kompakt. Det kan òg vere større grad av sykkeloptimaliserte element og stiar/løyper. I dei beste stisentra er det laga løyper og stiar som skaper flyt, motorisk rørsle og legger til rette for meistring for et bredt spekter av ferdigheter og ynskt oppleving. Sjå biletet under frå Gullia i Trysil. Dette området er ca ein kvadratkilometer og utgjer storparten at Trysil si satsing.




(Klipt frå Trailguide.net)



Trailhead er eit engelsk utrykk som beskriver plassen der ein sti, eit stinettverk eller eit stisenter startar. Her er det ofte, parkering og informasjonstavler med kart. Eit norsk ord kan vere innfallsport?

Stinettverk er sprette stiar som er knytt saman i eit større nettverk. Slik kan ein sykle rundar, lage variasjon i ferdelsmønsteret, og ein kan planlegge stiar som tilfredsstiller ulike behov. Ein enkelt god sti vil ikkje ha den same verdien om han ikkje er del av eit større nettverk slik at ein kan knyte den sammen i ein fin tur. Fleir bruk på stiane, og da bør syklistane styrast av retningsorienterte stiar. Eksempel frå Sunshine Coast, BC, Canada



(Klipt frå Trailforks.net)

GRADERING AV TERRENGSYKKELSTIER

Anbefalte retningslinjer for bruk av graderingsmal

	Lett	Middels	Krevende	Meget krevende	Ekstrem
Bredde	Min. 90 cm	Min. 60 cm	Min. 30 cm	Min. 15 cm	Kan være mindre enn 15 cm
Overflate	Vanligvis jevn overflate med fast, stedegen masse eller grus.	Som «letts», men partier med løs og ujevn overflate kan forekomme. Kan forekomme innslag av stein og røtter.	Kan være løs og til tider meget ujevn. Kan ha hyppig forekomst av stein og røtter.	Som «krevende», men kan ha omfattende forekomst av store stein og røtter.	Som «meget krevende».
Maksimal vanskellighetsgrad på tekniske element	Ingen eller meget enkle tekniske hindringer, som små kuler med avrundet profil og lave, oppbygde svinger, kan forekomme.	Mindre hindringer og enkle, tekniske partier, som doseringer og kuler med avrundet profil, kan forekomme.	Noen krevende hindringer, som kortere bratte partier, platåhopp og mindre dropp, kan forekomme. Elementene må kunne rulles i lav fart.	Uundgåelige hindringer med potensielt høy risiko, som hopp med mellomrom, dropp, bratte og eksponerte partier, kan forekomme.	Uoversiktlige og uunngåelige hindringer med ekstrem vanskellighetsgrad og risiko forekommer.
Maksimal gjennomsnittlig stigning i oppoverbakke	3 %	5 %	7 %	7 %	Som «meget krevende».
Maksimal gjennomsnittlig stigning i nedoverbakke	5 %	7 %	9 %	9 %	Som «meget krevende».

Retningslinjer er utarbeidet av Opplysningskontoret for Terrentsykling.

GRADERING AV TERRENGSYKKELSTIER TRAIL DIFFICULTY RATING SYSTEM

Vanskellighetsgrad
Difficulty level



Lett
Easy



Middels
Moderate



Krevende
Difficult



Meget krevende
Very difficult



Ekstrem
Extreme

Sykling skjer på eget ansvar. Tilpass farten, og vurdere sikkerheten for seg selv og andre som ferdes på stien.
Ride at your own risk. Always ride in a controlled and safe manner, with respect for the trail and other trail users.

For nybegynnere. Sti uten, eller med meget enkle tekniske hindringer.
Suitable for novice riders. Trail without, or with very easy, technical obstacles.

For litt øvede syklister med noen tekniske ferdigheter. Sti med mindre hindringer og enkle, tekniske partier.
Suitable for intermediate riders with basic technical skills. Trail with small obstacles and easy technical sections.

For viderekommende syklister med gode tekniske ferdigheter. Sti med krevende hindringer og tekniske partier.
Suitable for proficient mountain bikers with good technical skills. Trail with difficult and unavoidable technical obstacles.

For erfarne syklister med veldig gode tekniske ferdigheter. Sti med meget krevende, uunngåelige hindringer.
Suitable for experienced mountain bikers with very good technical skills. Trail with very difficult and unavoidable technical obstacles.

For eksperter med veldig gode tekniske ferdigheter. Sti med uunngåelige hindringer, ekstrem vanskellighetsgrad og høy risiko.
Suitable for expert mountain bikers with very good technical skills. Trail with extreme, unavoidable technical obstacles and high risk.

Retningslinjer er utarbeidet av Opplysningskontoret for Terrenesykling.

DEL 3 KARTLEGGING OG ANALYSE

3.1 METODE

Målet med denne masterplanen har i stor grad dreidd seg om å avdekke moglegheiter og begrensningar for stiutvikling kring Ål sentrum og andre utvalde områder. Gjennomføring av planlegginga har gått gjennom 3 fasar, og me har forsøkt å involvere relevante aktørar så mykje det har latt seg gjere.

FASTSETTING AV MÅL OG OMRÅDEAVGRENSING

Denne fasen bestod i å bestemme seg for inndeling av områda. Dette var i stor grad avgjort av oppdragsgjevar i bestillinga av planen. I tillegg til dei sentrumsnære områda og Torpo fekk fleire hyttefelt mogleheit til å vere med i planen. Primhovda Sør og Ål skisenter nyttet seg av dette tilbodet og er no ein del av planen.

KARTLEGGING

Det overordna målet for kartlegginga har vore å finne ut kva mogleheter og begrensningar knytt til stiutvikling i planområda. For å avdekke dette har me gjort ein grundig landskapsanalyse for kvart av delområda, der relevante faktorar har blitt tatt med, som vist i kartleggingsskjema.

I tillegg til dei fysiske og planmessige føresetnadene har me kartlagt dagens situasjon med tanke på eksisterande sti tilbod og brukarar. Ved å avdekke ynskjer og behov hjå dei involblire kan me kome med anbefalingar som tar høgde for desse.

Reint praktisk har kartlegginga av områda bestått i synfaring, møter og jobbing med GIS (Kartbehandling på data).

Involvering


- Møte med kommunar
- Sykling på festival og ellers
- Møte med grunneigarar.
- Stibygarkurs

ANALYSE

Data samla inn i kartlegginga vart lagt inn i GIS, og det teikna seg då ut kva som var førebels handlingsrom for stiutvikling i planområda. På bakgrunn av behov og satsingsområde blei det teikna inn forslag til stiutvikling i kartet.

TILTAK

På bakgrunn av fysisk kartlegging og analyse, samt avdekking av behov vart det laga ein tiltaksplan. Forslag til tiltaksplan blei sendt ut og presentert til prosjektgruppa og grunneigarar, og blei revidert etter tilbakemeldingar.



Det er mange ting som skal takast hensyn til. Skjermdump frå GIS

FOKUSOMRÅDER I ULIKE RETNINGAR


Modell for brukergrupper

Me har laga ein modell som syner brukarar innanfor terrengsykling. Stisykling er, sykling på sti, men den drar i ulike retningar. Dei tre kantane representerer ytterpunktene ulike retningane av terrengsyklinga. "Alle" som syklar terrengsykling er ute etter gode opplevingar på sykkelsen, men fokus til brukargruppene er ulik. Nokon er opptatt av at det skal vere mykje nedoversykling, andre likar fysisk utfrodrande turar, medan ein familie har andre hensyn dei må ta når dei skal på sykkeltur. Det er naudsynt å gjere mange forenklingar men me trur modellen kan vere god for å vurdere dagens situasjon, og for å foreslå satsing framover.

Her har me tatt inn nokre norske anlegg og forsøkt å plassere dei i modellen for referanse.

Obs! Modellen syner ikkje vanskegrad

GRAVITASJON



GRAVITASJONSRETTA

Adrenalin og spenning
Meistring



Foto: Vegard Breie

Foto: Andebarkj/TSK

XC

Trening
Meistring
Natur



FAMILIE

Kort veg til flytoppleving
Lågterskel
Basisferdigheiter / meistring
Effektivt / lett tilgjengeleg /
Oversiktleg



Foto: Trakk N Roll/Paul A. Lockhart

3.2 KARTLEGGING OG VURDERING

3.2.1 SAMFUNN OG ØKONOMI

I denne seksjonen har me sett kva som rører seg av sykkelturisme i bygda, i tillegg til å sjå kva næringar som direkte kan tene på ei sykkelindustri. I dette dokumentet fokuserer me mest på aktiviteten, og eit meir utfyllande skjema er tilgjengeleg som vedlegg.

AKTØR	AKTIVITET	NÆRING	FRIVILLIG
Hillbilly MTB	Arrangerer mellom anna Fri Flyt Turer som er komplette pakketurar med overnatting, guiding og mat	x	
Hillbilly Huckfest	Hillbilly Huckfest har blitt arrangert kvar sommar sidan 2009. Firmaet Hillbilly AS er arrangør av festivalen. Festivalen sel omlag 400 festivalpass og har ca. 100 frivillige i sving før under og etter festivalen. Festivalen tiltrekker seg også fleire profesjonelle syklistar og mediefolk under arrangementet. Med bakgrunn i dette er festivalen ein vesentlig miljøskaper i bygda. i 2018 fekk festivalen Ål kommune sin kulturpris for sitt engasjement i bygda.	x	x
Torpo Gjestegård	Torpo Gjestegård vart opna opp i 2018 og tilbyr eit komplett sykkelprodukt med overnatting, shuttling, servering m.m. Det er òg bygd ein pumptrack på området.	x	x
Hard Rocx	Terrengsykkelscamp med over 100 deltakarar.	x	x
Andebarkji TSK	Arrangerer vektentlege treningar Arrangerer dei rundar av Sparebank1 cup. Treningstur til utlandet ein gong i året.		x
Hallingdal Feriepark Skuleparken	Sykelparkane i Hallingdal feriepark og skuleparken er eit samlingspunkt for barn og unge som får dyrka grunnleggande ferdigheter på sykkel her, enten fastbuande eller tilreisande. Dette er å sjå på som eit uorganisert miljø.	x	x
Tretterud Sport	Spesialisert sykkelbutikk på Torpo med høg kompetanse på Torpo	x	



Foto: Andebarkji TSK



Foto: Vegard Breie

AKTØR	AKTIVITET	NÆRING	FRIVILLIG
Andre sportsbutikkar	Kolsrud Sport, Intersport Ål, MX Sport Ålingen	x	
Laust organisert	På Facebook eksisterer den offduaentlege gruppa Onsdagsturist som ei uformell plattform for å dra på lokale sykkelturar, hovudsakleg onsdag ettermiddag. På Facebook eksisterer også den offentlege gruppa ÅL Løypebuilders der ulike dugnader knytt til stibygging blir annonser av ulike eldsjeler.		x
Ål Skisenter	Ål skisenter har godkjent heis for somm'arbruk som blir drifta hovudsakeleg under Hillbilly Huckfest.	x	x
Villom	Villom er ein frivillig organisasjon som vart etablert i 2017 av miljøet kring Hillbilly Huckfest. Organisasjonen har som målsetning å legge til rette for eigenorganisert aktivitet, deriblant terrengsykling.		x
Ål Kommune	Ål kommune arrangerte i 2016 og 2017 sykkelveka i Ål. Dette var eit arrangement som folkehelsekoordinatoren i kommunen sto for. Fokuset til arrangementa var sykling til skule, jobb og fritidsaktivitet. Lokale syklistar i alle aldrar vart intervjua og vist fram på sosiale medier. I løpet av veka vart det også arrangert ulike sykkeltur som sykkeltur for pensjonistar, stisykkeltur, treningar og samlingar i sykkelparken.		x
Sparebank 1 Hallingdal feriepark	Sparebank1 og Hallingdal Feriepark har ved to anledningar dei siste åra arrangert Eikeleik i sykkelparkane i Ål. Dette har vore familiearrangement med fokus på leik og moro på sykkel for barn og unge i sykkelpark.		x
Primhovda Sør	Marknadsfører terrengsykling i forbindelse sal av hyttetomter.	x	

VURDERING

Ål har gjennom fleire år blitt meir og meir synleg som ein attraktiv stad for terrengsykling. Terrengsykling i Ål kommune er grovt sett delt i to ulike retningar, ein gravitasjonsretta, og ein meir treningsretta. Posisjonen Ål har i stisykkelmiljøet er mykje takka vere sykkelfestivalen Hillbilly Huckfest og eldsjelene bak den. Det har vore arbeid på sykkelspesifikke stiar i samband med dette, og det har blitt lagt ned mange dugnadstimar for å tilby gode sykkelopplevelingar, både for dei lokale og for tilreisande til festivalen. Alle timane med dugnad gjer at syklistane får eit stort eigarskap til stiane sine, og det har vore jobba aktivt med å etablere ein kultur der grasrota er i front av utviklinga.

Av andre initiativ har regionprosjektet Tråkk n Roll spelt ei viktig rolle for utviklinga på Ål. Gjennom prosjektet er det realisert anlegg som bygger opp under Ål som sykkeldestinasjon. Mykje av aktivitetane me har skildra her er gravitasjonsretta, men det er òg eit betydeleg miljø som driv med XC sykling, med meir fokus på trening og konkurranse. Mange av desse er organisert i Andebarkji TSK.

Alt i alt er det eit stor sosialt engasjement rundt stisykling, som er eit særskilt godt grunnlag for vidare utvikling. Det er også mange næringsaktørar som kan dra nytte av satsing på terrengsykling.



Foto: Andebarkji TSK



Foto: Vegard Breie

3.2.2 NATUR OG EKSISTERANDE ANLEGG

KORLEIS TREFF DAGENS TILBOD BRUKARGRUPPENE?

- Brukarane er spesialiserte
- Overvekt av gravitasjonsretta stisykling
- Stort uforløyst potensiale mot familiesegment og enkelt tilgjengelege anlegg

VURDERING AV EKSISTERANDE SYKKELSPESIFIKKE STIAR

- Gjev gode opplevelingar for gravitasjonsretta, dyktige syklistar med grov stisykkel
- Sykkelspesifikke stiar er veldig spreidd geografisk (eks. Snoken og Dengis)

Stinettverket er usamanhengande

- For få km med sti
- Stort sett høg vanskegrad

Stiteknisk

- For få og for små gradrevseringer
- Bratte bakveggar
- Generelt for bratt snitt helling

FYSISKE FØRESETNADER FOR STIBYGGING

Dalsidene kring Ål er forma som ein U-dal, med konkav form nedst mot botn av dalen og konveks for ovanfor før dei slakkar meir ut mot dei kringliggande toppane. Dei brattaste partia finn ein midt i dalsida. I tillegg finst det lokale forskjellar som gjer at område får ulike eigenskapar og potensiale for bruk og opplevelingar. Busetnad og jordbruk utnyttar dei slakare hellingane nær botn av dalen, medan ein finn skog og utmark i dei bratte hellingane på veg opp mot fjella. Ovanfor dei konvekse formane finn ein varierande bruk med mykje beite, landbruk, skog og noko meir ope landskap. Det er vekslande føresetnader for stibygging kring Ål, med nokre gode område, men også ein del krevjande stader. Der det er gode forhold ligg det innmark og beite per dags dato, lengre ut i utmarka er det skrint og mykje steinar. Dette gjer det svært krevjande å finne gode stader for det aller mest lågterskel, men kan og vere med å skape spanande terren og forhold for meir krevjande sykling.

3.2.3 KONKLUSJON KARTLEGGING OG VURDERING

Me har delt funna i kartlegginga i fordeler og ulemper. Fordelane gagnar bygda og vidare utvikling, medan ulempene hindrar verdiskaping.

FORDELER	ULEMPER
Eigedomsstruktur (private grunneigarar, kommunalt og Opplysningsvesenets fond)	Eigedomsstruktur (private grunneigarar)
Ål har eit godt etablert sykkelmiljø	Terrengsykkelmiljøet, særleg det gravitasjonsretta består stort sett av gutar
Det er næringar som profitterer direkte og indirekte på dagens terrengsykkelaktivitet	Næringane er ikkje spesialisert mot sykkelturisme
Store og varierte utmarksområder	
Eksisterande sykkelspesifikke stiar kjekke stiar for stisykkelentusiastar	Mangel på lågterskelstiar
	Eksisterande sykkelspesifikke stiar er spreidd og heng därleg saman med andre stiar.
	Fysiske utfordrande å bygge lågterskelstiar nært sentrum

Ål har eit godt potensial for å utvikle seg til å bli ei sykkelbygd. For å nytte dette potensiale må det byggast stiar som utviklar og kompletterer dagens tilbod. Dei fysiske føresetnadene kombinert med den lokale sykkelkulturen vil skilje Ål frå andre satsingar i Hallingdal og utvikle ei sykkelbygd med ein lokalt forankra eigenart.

VITALE BEHOV

- Ål treng definerte stinettverk og stisenter
- Desse kan knytast i lag med fleirbruksstiar
- Lågterskelstiar for auka rekruttering

DEL 4 KONSEPT- OG TILTAKSPLANAR

4.1 RETNING

- IDENTITET
 - Bygge eit omdøme som sykkelbygd, ikkje "sykkelresort"
 - Til skilnad frå andre satsingar i Noreg som er "kopi" av skitilbod, berre for sykkel
 - Styrke lokal sykkeltultur
- MÅLGRUPPER
 - Etablere tilbod som kan nyttast i kvarldagen og for tilreisande
 - Treffe fleire - auke marknaden -> bygge lågterskel stiar og løyper
 - Auke talet på lokale syklistar - gir lokal forankring - samfunnet blir meir positivt innstilt - grunneigarar m.m.
- ENTUSIASTSÝKLING - "gjort rett"
 - Treffe ei veksande gruppe stisyklistar
 - Supplere liknande satsingar i Hallingdal som eit "entusiastalibi" med sterk lokalmiljø
- VERDISKAPING
 - Auka omsetning i etablerte næringar
 - Fleire tilreisande som legg igjen pengar i lokal næring
 - Auka bulyst
 - Innflyttarar tar med seg eller etablerer nye føretak
 - Attraktive oppvekstvillkår
 - Auka skatteinntekter og forbruk i lokal næring
 - Auka omsetning i kommunale inntekter
 - Tilflytting og hyttebygging = Auka skatteinntekter, eigedomsskatt
 - Bygge helsekapital /betra folkehelse
 - Førebygge livsstilssjukdommar
 - Betre folkehelse -> betre økonomi
 - Aktivitet i naturen gir god psykisk helse
 - Sykling gir alternativ til bilkøyring
 - Aktivitet på stiar knyter mennesket til naturen, skapar tilhøyring og lokal forankring
 - Sentrumsutvikling
 - Folk nytter terrengsykling i dagleglivet
 - Skule, jobb etc.
 - Kan redusere bruk av bil
 - Daglege gjeremål
 - Barn treng ikkje å bli køyrd til aktiviteten
 - Ål sentrum som trailhead
 - Folk nyttar sentrum -> næring

Enkelt å kome seg til og frå destinasjonen

4.2 STRATEGI

Kva må ein gjere for å nå måla?

FYSISKE TILTAK


- Bygge sykkelspesifikke stisenter- og stinettverk
 - Sentrumsnært
 - Fokusere på blå og raud vanskegrad
- Binde saman stisenter og stinettverk med fleirbruksstiar
- Fokus på retningsorienterte stinettverk
- Skilte etter OFT-standaren
 - Lage gode informasjons- og karttavler ved trailhead knytt til stisenter og stinettverk, kan også vere med på å synlegjera bidragsytarar
 - Skilte alle stiar og stikryss på ein enkelt og klar måte
- Lage vedlikehaldsplan for nye og eksisterande stiar

SOSIALE TILTAK

- Relasjon mellom næringsaktører, lokalmiljø og grunneigarar bør styrkes
- Jobbe med haldningar
 - Stietikette
- Få fleire jenter til å sykle
 - Jentekveld, teknikkurs
- Få fleire foreldre til å sykle
 - Engasjement
- Stabil drift av Ål skisenter sommartid
 - Faste opningstider
 - Kombinasjon av næring og lokalmiljø

Forslag til nye anlegg, og korleis dei dekker brukergruppene

GRAVITASJON



4.3 KORLEIS REALISERE TILTAK?

Dette er ikkje ein plan som blir satt i live over natta. Det er mykje som skal takast omsyn til i realiseringa, og ein lyt gå eit skritt av gongen. Det skal skrivast grunneigaravtalar detaljplanleggast og ikkje minst må det skaffast midlar til finansiering av stiar og anlegg. I tillegg må ein ta høgde for reguleringsformål og eventuelle byggesøknader. I prioriteringslista i slutten av dokumentet har med satt opp forslag til rekkjefylge på kva anlegg som realisert, her vil me skrive litt generelt om ting ein må tenkje på framover.

PROSJEKTORGANISERING

Om ein skal klare å realisere anlegg er det viktig at ein er godt organisert i botn. Sykkelsatsinga er noko som favnar fleire sektorar, og då lyt dei ulik sektorane samlast for å realisere planane. Ein mogleg veg vidare er å stifte eit ideelt selskap som driv prosjektet og utbygginga. Det må eigast av kommune, næring og frivillege lag og organisasjonar. Styret i selskapet har ansvar for å drive prosjektet. Denne ordninga blir no prøvd ut i Hemsedal, og ein ser mange fordeler med denne organiseringa:

- Kan søke spelemidlar
- Selskapet kan levere tenester og bli MVA registrert
 - Enklare med MVA refusjon
- Profesjonelt organisert
 - Langsiktige og forutsigbare avtalepartnarar
 - God framdrift prosjektet
- Frivillege lag har ofte mykje goodwill
- Ulike kjernesaker balanserer ulike interesser
 - Samspel gir best resultat

REGULERING OG SØKNADSPLIKT

Det blir fort spørsmål kring krav om regulering og eventuelt dispensasjonar i samband bygging av stiar og anlegg. OFT har dekka desse spørsmåla i ein vegleiar som blir gitt ut i 2019, så me vil ikkje gå inn på detaljane her.

Som hovudregel må tiltak som skal utførast vere i samspel med gjeldane reguleringsplan. I nokre tilfeller vil det vere aktuelt å søke dispensasjon frå reguleringsplan, medan i andre tilfeller vil det vere aktuelt å gjere ein detaljregulering. Det vil uansett vere lurt å få flest mogleg av tiltakta inn i kommuneplanens arealdel når den skal reviderast.

Angåande søknadsplikt er dette noko som må avgjera i kvart enkelt tilfelle. Mange stier og løyper vil ikkje løyse ut søknadsplikt med tanke på enkeltinngrep som blir gjort, men samla inngrep og bruksendring vil utløyse søknadsplikt.

FINANSIERING

SPELEMIDLAR

Dei fleste norske idrettsanlegg er delfinansiert med spelemidlar. Midlane blir årleg fordelt av fylkeskommunen. Det har tatt litt tid å finne plassen til terrengsykkanlegga i denne ordninga, og dette har i stor grad vore opp til den enkelte kommune og fylkeskommune kva ordningar som har blitt brukt. I idrettspolitisk dokument (NIF), 2015-2019 har "ordinære friluftslivsanlegg" vore prioritert. Det vil seie at om ein har søkt pengar i januar kan ein få utbetalt pengane same året. Det kjem snart nytt idrettspolitisk program, 2019-2023 og me krysser fingrane for at prioritering av friluftslivsanlegg fortsett. Dialog opp mot fylkeskommunen blir viktig i tida framover for å sjå kva som er lurast når det kjem til å nytte spelemidlar til dette formålet.

ORDINÆRE ANLEGG

- Må ha forankring i idrettspolitisk handlingsprogram eller andre kommunale planar
- Krav til mellom 10 og 30 års grunneigaravtalar
- Akutell ordning; stiar og tur-vegar
 - 50% stønad av totalbudsjett
- Kort ventetid på midlar. Kan søke 250k ekstra for kvar 500 meter ein bygger over 1 km

NÄRMILJØANLEGG

- 50% stønad, maks 300 000,-
- Enklare prosess
- Pumptrack/dirt o.l. kan delast opp som fleire anlegg.

ANDRE TILSKOT OG INNTEKTER


Ein kjem ikkje i mål med berre spelemidlar. Her har me lista opp nokre andre moglegheiter for finansiering:

- Kommunale tilskot
 - Budsjettere med årlege beløp til stiutvikling
- Stiftelsesmidlar
- Sponsormidlar frå næringsaktørar
- Løypebidrag
- Parkering

EIGENINNSATS / DUGNAD

